



Multiconsult Norge AS Avd Bergen
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8143 - 20/37855

Saksbehandlar:

Silje Karlsen Eik

silje.karlsen.eik@alver.kommune.no


Dato:

19.06.2020

Forvaltning VVA uttale til VA-rammeplan - GBNR 1/57 Flatøy

Vassforsyning kan løysast ved tilkopling til ny vassleidning (280 mm) ved Søre Eidavika på Håøyna. Trase i sjø frå Søre Eidavika via Skitnedalsvika til Frank Mohn Flatøy sitt kaianlegg ved Kjeldevika utan å gå rundt Hatleholmen og Gudmundsholmen, figur 1.

Alver kommune må koma tilbake til kva vassmengd som kan leverast frå Skitnedalsvika. Ut i frå kor stor vassmengd ein kan levera må ein rekna ut storleik på basseng for brannvassdekning/sprinkler.



Figur 1 Forslag til trase for vassleidning frå Søre Eidavika via Skitnedalsvika til Frank Mohn Flatøy

Framtidig vil det verta ei ny vassforsyning frå Hestdal mot Fosse, denne vert lagt samstundes som vegen vert utbetra mellom Moldekleiv og Fosse. Det er fornuftig å leggja til rette med røyr i kaifront ved utfylling, slik at ein på eit seinare tidspunkt kan kopla seg inn med ein vassleidning i sjø frå Frank Mohn Flatøy til Krossnessundet/Fosse. Samt borehol frå sjø opp til område for slamavskiljar Krossnessundet/Fosse.

Spillvasshandtering

I dag vert avløypet frå området til Frank Mohn Flatøy pumpa til slamavskiljar i Solbergsvika sør på Flatøy. Det bør etablerast ny pumpestasjon for avløyp for industriområde og eksisterande bustadområde. Pumpestasjonen skal overtakast til kommunal eige og drift og byggast ut i høve til VA-norm. Forslag til avløypsledning i sjø frå Frank Mohn Flatøy til slamavskillar ved Krossnessundet/Fosse. Frå sjø til slamavskiljar må det etablerast borehol.



Figur 2 Forslag til trase for spillvassleidning i sjø (grøn) frå Frank Mohn Flatøy til Krossnessundet/Fosse

Overvasshandtering

I den tekniske planen til Frank Mohn Flatøy må ein ha ei velfungerande overvasshandtering.

Brannvassuttak

I TEK 17 er kravet 50 l/s, dersom dette ikkje er mogleg å henta frå det kommunale nettet, må utbygger sjølv kosta kompenserande tiltak. Før teknisk plan vert endeleg må det gjennomførast ein prøve på kor mykje vatn som er tilgjengeleg.

Med helsing
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Silje Karlsen Eik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marianne Aadland Sandvik

Mottakarar:

Multiconsult Norge AS Avd
Bergen

Nesttunbrekka 99 5221

NESTTUN